# Referat frå møte i felles brukarutval i Sogn og Fjordane

**Dato: 29.mai**
**Tid: Kl 11.00 - 16.00**
**Stad: Styrerommet Hildra - Førde sentralsjukehus**
**Leiar: Marita Aarvik**
**Referent: Randi Holsen Solheim**

| **Deltakarar** | | |
|---|---|---|
| **Namn** | **Organisasjon** | **Fråvær** |
| Marita Aarvik | FFO (LHL) | |
| Jan-Tore Odd | FFO (LHL) | |
| Cesilie Udberg Helle | FFO (Mental helse) | |
| Arne Hovland | FFO | |
| Gerd Torkildson | Sogn og Fjordane pensjonistforbund | x |
| Magne Sellevold | Kreftforeningen | |
| Stein Erik Øvrebø | SAFO (NFU) | |
| Lene Hetle | SAFO | |
| Eysteinn Udberg | Rusettervernet | |
| Grethe Fischer | Kommunalt råd | |
| Gunn Karin Sande | Fylkeskommunalt råd | |
| *Kjell Wernik Nystøyl* | *KS/Sunnfjord kommune* | *Fråvær etter 11.45* |
| *Børge Tvedt* | *Helse Førde* | *x* |

| Tid | Sak | **Tema** |
|---|---|---|
| 11.00 | 16/24 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| | 17/24 | Godkjenning av referat frå førre møte |
| 11.10 | 18/24 | Aktuelt nytt frå kommunane – Kjell Wernik Nystøyl |
| 11.30 | 19/24 | Aktuelt nytt frå Helse Førde – Børge Tvedt |
| **12.00** | | **Matykt** |
| 12.30 | 20/24 | Oppdragsdokumentet/ styringsdokumentet – framdrift? |
| 12.45 | 21/24 | Nye Førde sjukehus - rapport v/ Kjell Inge Solhaug |
| 13.30 | 22/24 | Pasientreiser – ny rapport frå pilotprosjekt v/ Trude Njøsen Helgås |
| 14.15 | 23/24 | Tema for neste utvalsmøte i HAFS |
| 14.30 | 24/24 | Open Post – brukarane sin time – representantane utvekslar erfaring<br>• Økonomirapportering – obs innsending av reiserekningar<br>• Årshjul – justeringar? Aktuelle tema og aktuelle nye datoar…<br>• Val av ny brukarrepresentant Prosjekt Samhandling v/ Inger Furevik Slåtten – Solfrid Forsberg er ikkje lenger medlem av FBU<br>Tilbakemelding frå RBU si fellessamling? Evalueringsskjema |

| Sak | **Referat** |
|---|---|
| 16/24 | Innkalling og sakliste godkjend – to saker meld til eventuelt – sak 25 + 26. |
| 17/24 | Godkjend referat frå førre møte |
| 18/24 | Kjell Wernik Nystøyl deltok digitalt, og presenterte aktuelt nytt frå kommunane. Sjå eigen presentasjon. Til informasjon om arbeidet med delavtaler, vart det signalisert at utvalet manglar oversikt på dette arbeidet. Tidlegare har FBU valgt vekk representasjon til revisjonsarbeidet, men det er kanskje tid for å endre dette standpunktet. Nystøyl vart utfordra på å utarbeide oversikt av struktur i |

| | |
|---|---|
| | samarbeidsavtaler og delavtaler mellom partnarane. Elles er denne oversikta også tilgjengeleg her; STRATEGIDOKUMENT – Samhandling (samhandling-sfj.no)<br><br>Diskusjon omkring tema og plassering av neste møte som er fastlagd til HAFS-regionen. Marita melder attende til Kjell-Wernik om aktuelt tema og framlegg til møtestad. |
| 19/24 | Aktuelt nytt frå Helse Førde – Børge Tvedt utgjekk pga sjukdom |
| 20/24 | Oppdragsdokumentet/ styringsdokumentet – orientering om framdrift frå sekretær;<br><br>Føretaksleiinga held fokus på utfordringane, og avventar no klinikkane sine rapportar som grunnlag for «Leiinga sin gjennomgang» frå første tertial. Denne er meld ferdig til neste styremøte i HFD. Desse rapportane dannar igjen grunnlag for årleg melding. Utvalet ynskjer å få tilsendt rapporten når denne er ferdigstilt. Sekretariatet fylgjer opp. |
| 21/24 | Kjell Inge Solhaug presenterte status for Nye Førde sjukehus – sjå eigen PP-presentasjon. Utvalet vart særskild opptekne av aktuelle parkeringsmogelegheiter ved sjukehuset med spesielt fokus for tilstrekkeleg med H-plassar og plassering av desse. |
| 22/24 | Pasientreiser – ny rapport frå pilotprosjekt v/ Trude Njøsen Helgås ny rekvisisjonspraksis og attestasjon ved pasientreisekontoret. Njøsen synleggjorde modellen gjennom to ulike filmar – ein for tilsette/behandlar-gruppa og ein for pasientane. Ho minte også om at 2piloten» har behov for tilbakemeldingar for å kunne gjere forbetringar.<br><br>Litt erfaringsutveksling mellom utvalsmedlemmane og avdelingssjefen gav god tilleggsinformsjon til pasientreiser. |
| 23/24 | Tema for neste utvalsmøte i HAFS – sjå referat sak 18/24 |
| 24/24 | Open Post – brukarane sin time – representantane utvekslar erfaring<br>• Magne Sellevold – rapporterte om brukermedverknad i forsking. Magne vil søkje om å vere deltakar i nytt program for alle borgarar i EØS-land. Utvalet meiner det er viktig med sterk brukarstemme i abeidet, og ynskjer å støtte opp om deltakinga.<br>• Gunn Sande – rapporterte frå prosjekt samhandling HABU – og konkluderer med at det er eit spennande prosjekt.<br>• Eystein – informerte frå klinikkråd PHV.<br>• Marita – informasjon frå partnerskapsmøte og manglande oppnemning av koordinatorar.<br>• Økonomirapportering ok i høve til budsjett – påminning om fortløpande innsending av reiserekningar<br>• Kort gjennomgang av årshjul - aktuelle tema og aktuelle nye datoar…<br>• Val av ny brukarrepresentant Prosjekt Samhandling v/ Inger Furevik Slåtten vert Gunn Sande<br><br>• Solfrid Forsberg er ikkje lenger medlem av FBU – Gunn Sande erstatter Solfrid i ernæringsutvalet som har møte i september. Sekretær melder til prosjektkontakt Kårstad.<br>• Marita orienterte kort frå RBU si fellessamling på Flesland – vil etterlyse ferdigstilling av evalueringsskjema på leiarmøte i neste veke. |
| 25/24 | Gunn Sande orienterte om skadepol på Nordfjord sjukehus. Utvalet drøfta saka, og det var semje om å sende fylgjande uttale frå felles brukarutval;<br>«FBU 29.mai 2024 - ROS-analyse – mulig nedlegging av skadepoliklinikk ved Nordfjord sjukehus |

| | |
|---|---|
| | FBU viser til opplysningar om opprettelse av ei ny redusert gruppe som skal jobbe vidare med ROS-analysa.  FBU viser til viktigheita av brukarmedverknad i alle ledd, og meinar at brukarmedverkar i den opprinnelege arbeidsgruppa må følge vidare i den nye oppnevnte miniserte faggruppa.» |
| 26/24 | Sak om pasienttransport ved Sunnfjord medisinske senter vart presentert av Eysteinn Udberg.  Her vart det teke avgjerd om å skriftleg oppfordring til senterleiinga, samt Kinn kommune og helseføretaket.  Eige skriv er formulert. |